



FIRDA SJØFARMER AS  
Kalvøyna 75  
5970 BYRKNESØY

Sakshandsamar::  
Gunn Helen Henne

## Rapport frå inspeksjon ved Firda Sjøfarmer AS

### Kontrollnummer: 2021.401.I.SFVL

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Rigmor Sjøvik, Kjell Oddvar Stendal,  
Kai Arild Hatlem

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Gunn Helen Henne, Sissel Storebø

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon med Firda Sjøfarmer AS sine akvakulturanlegg i sjø den 11.11.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekket 1 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen:

- Avvik 1: Verksemda har brote vilkår og fristar i utsleppsløyva som gjeld miljøovervaking
- Merknad 1: Koparnivået i sedimenta er ikkje risikovurdert, eller utført målingar av, på lokalitetar som har nytta koparhaldig notimpregnering i lang tid

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

Gunn Helen Henne  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

- Askvoll kommune
- Gulen kommune
- Hyllestad kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> FIRDA SJØFARMER AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 936678432	<b>Eigd av:</b>
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

### Kontrollerte einingar

Lokalitetar:	Løyve gitt:	Siste endring:	Anleggsnr.:	Kommune:
Leiholmane	04.04.2019	-	4635.0059.01	Gulen
Hyseneset	12.07.2017	-	4635.0094.01	Gulen
Kjeringeholmen	25.03.2019	-	4645.0058.01	Askvoll
Storlia	14.06.2018	-	4637.0012.01	Hyllestad
<i>Bårøy*</i>	<i>24.01.2017</i>	-	<i>4635.0052.01</i>	<i>Gulen</i>
<i>Gråvika*</i>	<i>02.05.2013</i>	-	<i>4635.0039.02</i>	<i>Gulen</i>
<i>Hardbakkeneset*</i>	<i>15.02.2018</i>	-	<i>4635.0105.01</i>	<i>Gulen</i>
<i>Kjerringneset*</i>	<i>25.02.2010</i>	-	<i>4635.0042.01</i>	<i>Gulen</i>
<i>Kuøyna*</i>	<i>25.01.2012</i>	-	<i>4635.0081.01</i>	<i>Gulen</i>
<i>Lyngholmen*</i>	<i>12.07.2017</i>	-	<i>4635.0055.01</i>	<i>Gulen</i>
<i>Storeneset*</i>	<i>14.08.2008</i>	-	<i>4635.0043.01</i>	<i>Gulen</i>
<i>Elveneset*</i>	<i>06.08.2012</i>	-	<i>4637.0029.01</i>	<i>Hyllestad</i>
<i>Hatlem Ø*</i>	<i>26.10.2007</i>	-	<i>4637.0014.01</i>	<i>Hyllestad</i>
<b>Anleggsaktivitet:</b> Laksefiskproduksjon i sjø			<b>Fylke:</b> Vestland	

Tilsynet hadde hovudvekt på lokalitetane Leiholmane, Hyseneset, Kjeringeholmen og Storlia, men omfatta også lokalitetane Bårøy, Gråvika, Hardbakkeneset, Kjerringneset, Kuøyna, Lyngholmen, Storeneset, Elveneset og Hatlem Ø (lokalitetane merkt med stjerne (\*) i lista over). Firda Sjøfarmer AS sine lokalitetar Djupevika I, Mjånes og Trellevika har ikkje hatt produksjon dei siste åra, og vart ikkje kontrollert no.

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for akvakulturanlegg i sjø i 2021.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Oppdrettsnæringa har i lang tid nytta koparhaldig notimpregnering for å minske groe på nøtene. Denne impregneringa fell av nøtene og samlar seg i sedimentet under anlegga. Miljøovervakinga har hatt fokus på effektane av utslepp av organisk materiale. Det har blitt målt kopar som del av C-granskingane, men det var først etter revisjonen av NS9410:2016 at målingane på C1 stasjonen skulle gjerast i ein definert avstand frå merdkant. I 2018 vart det sendt ut påminning til oppdrettarane i Hordaland om å gjere C-granskingar etter frekvensen i

NS9410:2016. Oppdrettarane i Sogn og Fjordane hadde allereie som vilkår i løyva å følgje den gjeldande standarden for miljøgransking.

Statsforvaltaren i Vestland har i fleire år sett som krav i utsleppsløyva at dersom det blir nytta koparimpregnerte nøter skal det gjerast måling av kopar langs merdkant. I 2018 vart det sendt ut brev med purring på manglande rapportering av slike kopargranskingar til oppdrettarane i Hordaland. Det vart også gitt generell informasjon om aukande koparforureining ved oppdrettsanlegga i brev frå 2018 til oppdrettarane i Hordaland.

De kan lese meir om miljøeffektar av koparutslepp i oppdrettsnæringa i Havforskningsinstituttet sin risikorapport for norsk oppdrettsnæring<sup>1</sup>. Statsforvaltaren i Vestland har fått tal frå notvaskeria i fylket som klårt syner at forbruket av koparbasert notimpregnering har blitt kraftig redusert dei siste åra.

Statsforvaltaren har samla alle tilgjengelege overvakingsdata og -rapportar for matfiskanlegga i fylket, og sjekka i denne tilsynsaksjonen om rapportar og rapportdata var blitt lagt inn i databasane Altinn og Vannmiljø. Gjennomføring av miljøgranskingar var også tema for aksjonen.

#### Inspeksjonstema

- Utsleppsløyvet, vilkår om utslepp og miljøovervaking
- Internkontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

#### Definisjonar

- **Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.
- **Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Firda Sjøfarmer AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at verksemda **innan 15. desember 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

---

<sup>1</sup> <https://www.hi.no/hi/nyheter/2021/februar/hoyt-kobberforbruk-i-oppdrettsneringen>

#### 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 1. november 2021 og i tilsynsmøtet. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av vår ressursbruk må Firda Sjøfarmer AS betale eit gebyr på **kr 33 800,-** for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

#### 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova). Inspeksjonsrapportar blir også tilgjengelege på Miljødirektoratet sin database Norske utslipp på [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

#### 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

##### **Avvik 1: Verksemda har brote vilkår og fristar i utsleppsløyva som gjeld miljøovervaking**

##### **Avvik frå**

- Løyvet etter forureiningslova for lok. Leiholmane, dagsett 04.04.2019, vilkår 3.1.2 og 12
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Hyseneset, dagsett 12.07.2017, vilkår 11
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Kjeringsholmen, dagsett 25.03.2019, vilkår 3.1.2 og 12
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Storlia, dagsett 14.06.2018, vilkår 13
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Bårøy, dagsett 24.01.2017, vilkår 2.2. og 11
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Gråvika, dagsett 02.05.2013, vilkår 2.4 og 10
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Hardbakkeneset, dagsett 15.02.2018, vilkår 2.5 og 13
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Kjerringneset, dagsett 25.02.2010, vilkår 2.4 og 10

- Løyvet etter forureiningslova for lok. Kuøyua, dagsett 25.01.2012, vilkår 2.4 og 10
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Lyngholmen, dagsett 12.07.2017, vilkår 2.5 og 11
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Storeneset, dagsett 14.08.2008, vilkår 2
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Elveneset, dagsett 06.08.2012, vilkår 2.4 og 10
- Løyvet etter forureiningslova for lok. Hatlem Ø, dagsett 26.10.2007, vilkår 2
- Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd nr. 7

### Om regelverket

I vilkåra til utsleppsløyva er det ei rekkje krav som gjeld miljøovervaking. Den nøyaktige ordlyden i vilkåra kan variere ut frå kor gammalt det enkelte løyvet er, sidan formuleringane i standardvilkåra i løyva har endra seg litt over tid. Men innhaldsmessig er krava relativt like:

- Verksemda skal ha kunnskap om miljøtilstanden i området som dei har utslepp til, og overvake miljøeffektane av sin aktivitet. Det er spesifisert eit visst minimumsomfang for miljøovervakinga. Samstundes er det presisert at verksemda ut frå risikovurderingar må vurdere om det er behov for andre miljøgranskingar ut over minimumskrava, og gjennomføre desse.
- Resultat av miljøovervakinga skal rapporterast inn til Statsforvaltaren. Dei aller eldste løyva har ikkje omtalt eller vore lite konkrete om rapporteringsmåten, medan alle nyare løyve krev at rapportar skal sendast inn via Altinn og at alle relevante rådata skal sendast inn til databasen Vannmiljø, så langt dette er mogleg.

Internkontrollforskrifta set m.a. krav om at de skal

- *«iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen» (§ 5, 2. ledd punkt 7)*

Dokumentasjonen for dette skal ha nødvendig omfang og vere skriftleg.

Utsleppsløyva for alle akvakulturlokalitetane set vilkår om internkontroll som skal hindre skade eller ulempe for miljøet. Den nøyaktige ordlyden i vilkåra kan variere ut frå kor gammalt det enkelte løyvet er, sidan formuleringane i standardvilkåra i løyva har endra seg litt over tid. I utsleppsløyva for Firda Sjøfarmer AS sine lokalitetar seier vilkåret om internkontroll m.a. at verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si, at denne skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet og relevant miljøregelverk, og at den skal vere oppdatert. Verksemda pliktar vidare å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining.

Internkontrollen må ha system som fangar opp, rettar og førebyggjer avvik. Dette skal også omfatte miljøovervakinga på lokalitetane: at alle miljøgranskingar blir gjort til rett tid og på rett måte, og vert innrapportert til rett tid og på rett måte. Eventuelle ønskje om å fråvike standard miljøovervakingismetodikk og/eller -frekvensar og fristar som løyva har sett vilkår om, må vere skriftleg avklart med Statsforvaltaren som unntak frå/ending av løyvet.

### Våre observasjonar og kommentarar til krava i utsleppsløyva

- Verksemda har sett opp årlege handlingsplanar som gir god kontroll på gjennomføring av B- og C-granskningar i tråd med fristar på den enkelte lokalitet. For andre typar miljøgranskningar er det ikkje tilsvarende system. Følgjande miljøgranskningar er ikkje gjennomført, eller er ikkje gjennomført innan fristar som er sett i løyva:

<b>Leiholmane</b>	<b>Koparmålingar</b> i anleggsområdet på lok. Leiholmane er ikkje gjennomført. I løyvet frå 2019 er det i vilkår 3.1.2 sett krav om dokumentasjon med prøvetaking av at kjemikal (kopar og sink) frå spyling av nøter ikkje samlar seg under anlegget til ulempe eller skade for miljøet. I vilkår 12 er det vidare sett krav til at verksemda skal ha eit overvåkingsprogram som overvakar moglege miljøeffektar av utsleppa som anlegget har, med presisering av metodikk for kopargranskningar i vilkår 12.4. Anlegget har ein lang driftshistorikk med bruk av koparimpregnerte nøter, og har ikkje vore drive «koparfritt» før nyleg. Fristen i 2019-løyvet var ved neste B-gransking på maksimal belastning. Den B-granskinga vart gjennomført i september 2020, men det vart ikkje gjort koparmålingar då.
<b>Alle lokalitetane</b>	Verksemda har ikkje dokumentert at det vert gjort årlege <b>strandsonesynting</b> ar i sommarhalvåret på lokalitetane sine. Alle løyva har krav om enkle strandsonesyntingar som verksemda kan gjennomføre sjølv. Verksemda har ikkje skriftlege rutinar som omtalar korleis strandsonesyntingar ved anlegga skal gjennomførast og dokumenterast.

- **Rådata** frå følgjande miljøgranskningar er ikkje rapportert inn til databasen **Vannmiljø**:

<b>Kuøyna</b>	<b>C-undersøking</b> på lok. Kuøyna i 2017
---------------	--

Dersom verksemda har fleire miljøgranskingsdata enn det som kom fram på tilsynet, skal også desse rapporterast inn til Vannmiljø.

- **Rapportar** frå følgjande miljøgranskningar var ikkje rapportert inn (på tidspunktet for tilsynet) til **Altinn**:

<b>Leiholmane</b>	<i>C-undersøking på lok. Leiholmane i 2020*</i>
	<i>C-undersøking på lok. Leiholmane i 2019*</i>
<b>Hyseneset</b>	<i>C-undersøking på lok. Hyseneset i 2020*</i>
	<i>Straummåling på lok. Hyseneset i 2014*</i>
<b>Kjeringeholmen</b>	<i>C-undersøking på lok. Kjeringeholmen i 2020*</i>
	<i>C-undersøking på lok. Kjeringeholmen i 2018*</i>
	<i>Koparmålingar på lok. Kjerringneset i 2020*</i>
<b>Storlia</b>	<i>C-undersøking på lok. Storlia i 2020*</i>
	<i>Førehandsgransking og strømmålingar på lok. Storlia i 2017*</i>
<b>Bårøy</b>	<i>C-undersøking på lok. Bårøy i 2020*</i>

	<i>C-undersøking på lok. Bårøy i 2019*</i>
<b>Gråvika</b>	<i>C-undersøking på lok. Gråvika i 2020*</i>
<b>Hardbakkeneset</b>	<i>C-undersøking på lok. Hardbakkeneset i 2019*</i>
	<b>Førehandsgransking</b> på lok. Hardbakkeneset i 2017
	<b>Straummålingar</b> på lok. Hardbakkeneset i 2016
<b>Kjerringneset</b>	<i>C-undersøking på lok. Kjerringneset i 2021*</i>
	<i>C-undersøking på lok. Kjerringneset i 2019*</i>
	<i>C-undersøking på lok. Kjerringneset i 2014*</i>
<b>Kuøyna</b>	<b>C-undersøking</b> på lok. Kuøyna i 2020
	<b>C-undersøking</b> på lok. Kuøyna i 2016
<b>Lyngholmen</b>	<i>C-undersøking på lok. Lyngholmen i 2021*</i>
	<i>C-undersøking på lok. Lyngholmen i 2019*</i>
<b>Storeneset</b>	<b>C-undersøking</b> på lok. Storeneset i 2020
<b>Elveneset</b>	<i>C-undersøking på lok. Elveneset i 2018*</i>
<b>Hatlem Ø</b>	<b>C-undersøking</b> på lok. Hatlem Ø i 2020

*Rapportar merkt med stjerne (\*) i punkta over er registrert som innrapportert i etterkant av tilsynet. Delar av avviket er såleis lukka.*

Dersom verksemda har rapportar frå fleire miljøgranskingar enn det som vart gjennomgått på tilsynet, til dømes strauummålingar eller koparmålingar i sedimentet, skal også desse rapporterast inn til Altinn.

- Internkontrollrutinane har ikkje fanga opp brot på fristar eller manglande gjennomføring eller innrapportering av miljøgranskingar som løyva har sett vilkår om. Samla sett er det mange brot på vilkåra som gjeld miljøovervaking på verksemda sine lokalitetar.

## 7. Merknader

Vi gav følgjande merknad under inspeksjonen:

### **Merknad 1: Koparnivået i sedimenta er ikkje risikovurdert, eller utført målingar av, på lokalitetar som har nytta koparhaldig notimpregnering i lang tid**

- Firda Sjøfarmer nyttar ikkje lenger koparhaldig impregnering på nøtene. Dei fleste av lokalitetane deira har likevel ein lang driftshistorikk med utslepp av kopar frå før ein slutta med det. Risikoen for dårleg miljøtilstand på lokalitetane og utover i resipienten som følgje av utsleppa ein har hatt av kopar frå notimpregnering fram til no, er omtalt og vurdert i risikovurderinga vi fekk tilsendt for lok. Kjeringsholmen og Storlia (som er relativt nye lokalitetar/ligg på ny stad), men ikkje i risikovurderinga for lokalitetane i Gulen (som jamt over har vore i bruk i lengre tid). Koparutslepp og mangelfull risikovurdering av dette var tema på eit tidlegare tilsyn med lokalitetane i

Askvoll og Hyllestad i 2017, og har i ettertid blitt tatt med som del av risikovurderingane der.

- I nokre av dei eldre utsleppsløyva er vilkåra om miljøovervaking mindre konkrete enn dei nyare løyva når det gjeld plikta som verksemda har til å vurdere utvida miljøovervaking ut over minimumskrava. Det har kome ny kunnskap om høge koparnivå rundt akvakulturanlegg dei seinaste åra, og om mogleg samanheng mellom høge koparnivå og redusert miljøtilstand for botnfauna.

Koparmålingar i C-granskingar etter NS9410 vert gjort på stasjonar som ligg for langt unna sjølve anlegget til å fange opp dei høgaste nivåa, og standardmetodikken har ikkje krav om å måle kopar som del av B-granskingane, som har stasjonar i «rett» område.

Nyare utsleppsløyve i Vestland har vilkår om måling av kopar og andre miljøgifter i sedimentet ved merdkant. For dei av Firda Sjøfarmer AS sine lokalitetar som ikkje har uttalte løyvekrav om å måle kopar ved merdkant, vil Statsforvaltaren klart tilrå at det vert gjort koparmålingar på same måte som for anlegga som har fått dette kravet inn som eit vilkår i utsleppsløyva sine. Av dei fire «hovudlokalitetane» i dette tilsynet vil dette først og fremst gjelde **Hyseneset**, men også dei andre av verksemda sine lokalitetar med eldre løyve bør sjekkast.

## 8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

## 9. Andre forhold

- **Bruk av koparbasert notimpregnering:** Firda Sjøfarmer AS opplyste på tilsynet at dei er i gang med å fase ut koparimpregnerte nøter på alle sine lokalitetar.
- **ASC-sertifisering:** Firda Sjøfarmer AS har sertifisert fire av sine lokalitetar etter Aquaculture Stewardship Council (ASC) sine krav til akvakulturanlegg med produksjon av laksefisk. Dei resterande lokalitetane er i prosess med sertifisering.
- **Avfallsplanar i hamner** er også eit tema i denne tilsynsaksjonen. Firda Sjøfarmer AS er allereie i dialog med Statsforvaltaren om å få godkjent ein avfallsplan for sine hamner, jf. forureiningsforskrifta kapittel 20. Dette vil bli følgt opp utanom tilsynet.
- **Flytting av prøvetakingsstasjonar frå ei C-undersøking til neste:** I fleire av C-undersøkingane som har blitt gjennomført på Firda SjøfarmerAS sine lokalitetar, har



konsulenten flytta prøvetakingsstasjonar, eller bytta eksisterande stasjonar ut med nye. Dette vanskeleggjer samanlikning av miljøtilstand i resipienten over tid. I nokre tilfelle vil det vere gode faglege grunnar for å etablere nye prøvepunkt, til dømes dersom anlegget vert flytta på. Namnsetting av nye stasjonar med namn frå gamle stasjonar med annan geografisk posisjon, slik tilfellet er på fleire av Firda Sjøfarmer AS sine lokalitetar, vil bidra til å auke vanskane med å følgje utviklinga i resipienten over tid. Statsforvaltaren vil ta dette opp med konsulenten som eiga sak utanom tilsynet.